

Mal for vurdering av pedagogisk basiskompetanse ved HVO for førsteamanuensis

Godkjent av direktør 11.01.2021

Innhold

1 Innleiing	2
2 Søkarar med HPE207 (HVO sitt eige kurs i pedagogisk basiskompetanse)	2
2.1 Om søkeprosessen	2
3 Søkarar utan HPE207	2
3.1 Krav 1: «Gjennomført eget program (minimum 200 timer)/relevante kurs og egen praktiske undervisning»	3
3.2 Krav 2: «opparbeidet grunnleggende ferdigheter innen planlegging, gjennomføring, evaluering og utvikling av undervisning og veiledning (grunnleggende kompetanse for undervisning og veiledning på universitets- og høyskolenivå»	3
3.3 Om søkeprosessen	3

1 Innleiing

Viser til styrevedtak 91/20 den 29.10.2020 der styret vedtek at HVO sine retningslinjer knytt til pedagogisk basiskompetanse følg forskrifta.

For førstemanuensis er det stilt følgande krav til pedagogisk basiskompetanse i Forskrift om ansettelse og opprykk i undervisnings- og forskerstillinger § 1-4 :

«Gjennomført eget program (minimum 200 timer)/relevante kurs og egen praktiske undervisning, og opparbeidet grunnleggende ferdigheter innen planlegging, gjennomføring, evaluering og utvikling av undervisning og veiledning (grunnleggende kompetanse for undervisning og veiledning på universitets- og høyskolenivå).»

Forskrifta har to krav:

1. Gjennomført eget program (minimum 200 timer)/relevante kurs og egen praktiske undervisning.
2. Opparbeidet grunnleggende dugleikar («ferdigheter») innen planlegging, gjennomføring, evaluering og utvikling av undervisning og veiledning (grunnleggende kompetanse for undervisning og veiledning på universitets- og høyskolenivå

2 Søkarak med HPE207 (HVO sitt eige kurs i pedagogisk basiskompetanse)

Emnet HPE207 Pedagogisk basiskompetanse på 10 studiepoeng er bygd opp for å dekke både krav 1 og krav 2 i forskrifta. Bakgrunnen for at dette emnet dekker baa krava i forskrifta er:

- Krav 1: Deltakarane i emnet skal:
 - o Arbeide med høg utdanningskvalitet for vitskapleg tilsette i høgare utdanning.
 - o Utvikle forståing og meistring av dei pedagogiske oppgåvene som vitskapleg tilsette møter.
 - o Vidareutvikle ei heilskapleg forståing av undervisning og læring.
- Krav 2: Deltakarane i emnet skal:
 - o Utvikle si eiga undervisning gjennom eit studieår.
 - o Ha ei forskande tilnærming til eige undervisningsarbeid.
 - o Arbeidet aktivt med planlegging, gjennomføring, evaluere og utvikle eiga undervisning i sitt fagfelt og på denne måten opparbeide grunnleggjande ferdigheiter.
- Samla vert dette dokumentert gjennom arbeidskrav og eksamensmappa. Emneplanen er [her](#).

2.1 Om søkeprosessen

Internt opprykk: Søkarak sender ein e-post til personal@hivolda.no med beskjed om at ein søker pedagogisk basiskompetanse basert på HPE207. Legg ved karakterutskrift på HPE207. Saka vert tatt opp til godkjenning i TUFO (Tilsettingsutvalet for undervisnings- og forskarstillingar) ved fyrste høve.

Jobbsøkar: Lever dokumentasjon i samband med stillingsutlysinga i jobbnorge.no saman med anna dokumentasjon.

3 Søkarak utan HPE207

Om du ikkje har HPE207, må ein dokumentere begge krava. Dette kan gjerast slik:

3.1 Krav 1: «Gjennomført eget program (minimum 200 timer)/relevante kurs og egen praktiske undervisning»

Dette kravet kan dekkast på ulike måtar:

Enten:

- Gjennomført eige program på andre UH-institusjonar. Her er det meint spesifikke programtilbod med det formål å kvalifisere for alle sider ved grunnkompetansen, det som til vanleg blir definert som universitets- og høgskolepedagogiske tilbod. Det blir kravd 200 timar, dette skal omfatte undervisning/rettleiing/sjølvestudium og tid knytt til praktisk utviklingsarbeid.

Eller desse to vilkåra:

- *Andre relevante kurs:* Her er det meint enkeltstående kurs som både i tema og omfang dekker eitt eller fleire av dei krava i forskrifta. Her vil også lærarutdanning kunne vere dokumentasjon/relevant.
- *Eiga praktisk undervisning:* Her er det meint at ein har utvikla sin undervisningskompetanse gjennom bevisst og systematisk arbeid med eiga undervisning og rettleiing ved universitet eller høgskule. Eige undervisningsarbeid må dokumenterast (Sjå krav 2 i neste avsnitt), men legg også ved ei liste over tidlegare undervisningsarbeid (maks ti punkt) og pedagogiske refleksjonar knytt til desse (maks ei side). Eit mål er å få fram at søkaren har ei overordna pedagogisk forståing.

3.2 Krav 2: «opparbeidet grunnleggjande ferdigheter innen planlegging, gjennomføring, evaluering og utvikling av undervisning og veiledning (grunnleggjande kompetanse for undervisning og veiledning på universitets- og høyskolenivå)»

Forskrifta peikar på fire punkt knytt til grunnleggjande dugleikar («ferdigheter») på universitets- og høgskulenivå:

Punkt i forskrifta	Døme på dokumentasjon
Planlegging	Eige undervisningsopplegg og refleksjonar knytt til planlegging. Refleksjonane bør ikkje vere lenger enn ei halv side.
Gjennomføring	Eige undervisningsopplegg og refleksjonar knytt til gjennomføring. Refleksjonane bør ikkje vere lenger enn ei halv side.
Evaluering	Eige undervisningsopplegg og refleksjonar knytt til evaluering. Refleksjonane bør ikkje overstige ei halv side. Eventuelt kan dette erstattast med arbeidskrav eller eksamen ein har utvikla, og refleksjonar knytt til det.
Utvikling	Refleksjonar knytt til arbeid med utvikling av undervisning, emne og/eller studie, eventuelt knytt til kvalitetssystemet på HVO. Refleksjonane bør ikkje vere lenger enn ei side.

Vi tilrår at de skriv refleksjonane knytt til krav 2 i eitt dokument, men med tydelege tilvisingar til eventuelle vedlegg.

3.3 Om søkeprosessen

Lever dokumentasjonen elektronisk slik:

- Krav 1:

- Eit notat med kort skildring for korleis ein fyller dette kravet. Vis til eventuelle vitnemål og/eller karakterutskrifter. Eventuelt kan refleksjonane knytast til overordna pedagogisk forståing. Namngje fila: Krav 1 Etternamn
 - Eventuelle vitnemål eller karakterutskrifter (HPE-kurs eller lærarutdanning)
- Krav 2:
- Eit notat med refleksjonane knytt til tabellen over. Vis til eventuelle vedlegg eller legg inn undervisningsopplegg til slutt i dokumentet. Namngje fila: Krav 2 Etternamn
 - Eventuelle vedlegg.

Internt opprykk: Når du er klar til å søke, sender du ein e-post til personal@hivolda.no og seier i frå om det. Dei vil opprette ei «fiktiv stilling» i systemet jobbnorge.no, der du fyller ut eit skjema og legg ved dokumentasjonen. Søknaden vert vurdert av HVO sitt interne sakkunnige utval, og vedtak vert gjort i TUFO.

Jobbsøkar: Lever dokumentasjon i samband med stillingsutlysinga i jobbnorge.no saman med annan dokumentasjon. Dokumentasjonen vert vurdert av eksternt sakkunnig utval, som også vurderer den vitskaplege kompetansen. Vedtak om tilsetjing vert gjort i TUFO.